

---

**Fra:** Katarina Birkeland  
**Sendt:** 12. september 2018 15:02  
**Til:** Anne Dahle Austrheim; Bente Kopperdal Hervik  
**Kopi:** martesolen@gmail.com; chrisandredodland@hotmail.com  
**Emne:** Uttale frå ungdomsrådet

Hei

Her kjem uttale frå Radøy ungdomsråd etter møte tysdag 11.september.  
Radøy ungdomsråd har gått igjennom kriteria for utdeling av kulturmidlar og gjennomgått to uttalar på ungdomsrådmøte tysdag 11.september.

### **Midlar til Manger skulemusikklag**

Radøy ungdomsråd synes tiltaket var bra. Representantene var usikre rundt innkjøp av ei White Board tavle. Dei påpeika at skulane har mange sånne som sikkert kan lånast ut. Søknaden oppfyller kriteria til utdeling av kulturmidlar, og ungdomsrådet ynskjer å foreslå at Manger skulemusikklag får tildelt kr 10 000. Rådet var opptatt av at heile summen til kulturmidlar til utdeling i året er på kr 60 000, og låg seg derfor på kr 10 000. Det var avstemming i rådet, der alle stemte for kr 10 000. To av representantane kunne ikkje uttale seg eller stemme, sidan dei var medlemmer i Manger skulemusikklag.

### **Midlar til Radøy Sogelag**

Radøy Sogelag syntes arrangementet var eit bra tilbod til born og unge, men dei såg ikkje på det som eit ny tenkande arrangement. Representantane reagerte på å få søknaden etter at arrangementet var arrangert. Rådet var ikkje fornøyd med søknaden, der dei synst den var rotete og mangla informasjon. I søknaden stod det at arrangementet var gratis for deltakarar, men at det var opp til deltakerel va dei ynskja betale. Ungdomsrådet ynskja her meir informasjon og meinte at inntekter som Sogelaget fekk inn burde stå i budsjettet. Det var oppført at arrangementet kom på kr 22 000. Radøy sogelag søkte om kr 14000, der dei andre 8000 kom frå tildeling frå midlar frå kystogevekene. Representantar var enige med at Sogelaget burde dekke nokon av utgiftene sjølv, og at kr 140000 var mykje å dele ut til eit sånt arrangement frå kulturmidlar. Det vart foreslått kr 7000,- Det var avstemming og 13/14 stemte for at ungdomsrådet foreslår kr 7000 til utdeling.

Vedlagt kopi til:

Leiar Marte Vågenes Solheim  
Nestleiar Chris Odland